

ROSENDAHL INDUSTRIER AS

Vår dato: 28.01.2025

Vår ref.: 202301676-9 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: YMJJGG

Sagavika minikraftverk er konsesjonspliktig, Bergen kommune i Vestland

Vi viser til førespurnad av 23.1.2023 om Sagavika minikraftverk og vår synfaring 29.9.2024. NVE har gjort ei konsesjonspliktvrdering av tiltaket. Først i brevet finn du vedtaket vårt og informasjon om kva du må gjere vidare. Deretter kan du lese om tiltaket og vår vurdering av dette.

NVE sitt vedtak

NVE vedtar at Sagavika minikraftverk treng konsesjon etter vassressurslova § 8. Vedtaket har heimel i vassressurslova § 18.

Om klage og klagerett

Sjå eige vedlegg om rett til å klage.

Kva må de gjere vidare?

- De må sende ein konsesjonssøknad for det planlagde tiltaket til NVE.
- Når det gjeld krav til innhald og forklaring av saksgangen i ein konsesjonssøknad, sjå NVE sine heimesider på <https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/>

I konsesjonssøknaden vil det vere viktig å belyse problemstillinga rundt ål i vassdraget og korleis de vil ivareta denne arten både i byggeperiode og driftsperioden til kraftverket.

- Kommunen er vanlegvis konsesjonsmyndigheit for kraftverk med installert effekt mindre enn 1 MW, jf. vassressurslova § 64. Alle konsesjonssøknadar skal sendast inn til NVE, som vidaresender søknaden til kommunen viss den ikkje er omfatta av nokre av unntaksbestemmingane i «Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker».

[illegible]2



Kva har høyringspartane uttalt?

Meldinga er sendt **Bergen kommune**, **Vestland fylkeskommune** og **Statsforvaltaren i Vestland** på høyring. Dette er rekna som tilstrekkeleg for meldingar. NVE har mottatt følgjande uttalar:

Bergen kommune (19.10.2023)

«Bergen kommune vurderer at eventuelle konsekvensar for allmenne interesser av eit minikraftverk i Sagavika vil vere knytt til naturmangfaldet, men i hovudsak ålen i vassdraget. Tiltaksområdet er allereie sterkt påverka av menneske og tiltaket vil i stor grad vere positivt for kommunen, med auke i lokal, fornybar kraftproduksjon og gjenbruk av eksisterande infrastruktur på allereie nedbygde areal.

Kalandsvassdraget er eit viktig leveområde for ål som er ein sterkt trua art. Det er mange faktorar som til saman fører til ein nedgang i talet på ål på gytevandring til Sargassohavet, og vasskraftturbinar er ein av dei.

Fossen i nedre del av Fanaelva er eit vandringshinder for anadrom fisk. Området frå fossen til sjøen er for lite til at det fungerer som gyte- og oppvekstområde for laks og sjøaure. Området langs fossen er registrert som naturtypen viktig bekkedrag og eit landskapsøkologisk funksjonsområde. Av den grunn er det viktig å ta vare på og skjøtte tre og anna kantvegetasjon langs vassdraget.

Tilførsel av ferskvatn frå elva til sjøen blir ikkje endra sidan minikraftverket ikkje omfattar eit magasin. Partikkelavrenning eller anna forureining til sjø er viktig å unngå sidan det i tilgrensande område er registrert både ålegras, østers og gyte- og oppvekstområde for torsk. Bergen kommune vurderer at konsekvensane for dei registrerte rødlistede fugleartane, verdier for friluftsliv og landskap blir små sidan arealet i dag allereie er sterkt påverka av menneskelege inngrep.

Reetablering av det gamle kraftverket i Fanaelva vil gi lokal, fornybar energiproduksjon. Renovasjonen av sperredam og kraftstasjonsbygget vil bidra til gjenbruk av bygga vi allereie har, reduserer transportbehovet og avfallsmengda i samband med nybygging. Dei vurderte sikringstiltaka gjer bygga meir tilpassa dei venta klimaendringane og lenger levetid. Bergen kommune vurderer at kraftverket, slik prosjektet er skildra vil støtte opp om fleire av kommunen sine klimamål.»

Vestland fylkeskommune (5.10.2023)

«Det er eit tydeleg behov for meir fornybar energi i Bergensområdet, og dette minikraftverket har potensiale til å bidra positivt til kraftsituasjonen.

Vi har ingen avgjerande merknader når det gjeld automatisk freda kulturminne basert på tilgjengelege kart. Det er viktig å merke at planen for minikraftverket inngår som alternativ i ein detaljreguleringsplan under arbeid, og det er nødvendig å sjå dette i samanheng med omsyn til kulturmiljø og kulturmiljøverdiar.



Det er lite truleg at minikraftverket vil ha stor påverknad på friluftsliv og rekreasjon i området, bortsett frå mogleg redusert elvebrus på grunn av redusert vassføring i Fanaelva.»

Statsforvaltaren i Vestland (9.10.2023)

«Statsforvaltaren har ikkje kjennskap til viktige naturverdiar som kan bli påverka i ein slik grad at det ikkje bør gjevast konsesjonsfritak for eit Sagavika kraftverk. Det er ein lokal tursti langs elva, som vi føreset blir ivareteke i saka.

...

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe. Elva og det frodige kantvegetasjonsbeltet på strekninga har såleis stor verdi for vasstilknytte artar og som hekkelokalitet for fuglar.

Det er registrert ål (raudlista, EN – sterkt truga) i Klokkevatnet oppstraums fossen. Ålevandringa må oppretthaldast ved ein eventuell utbygging. Det vil vere behov for kvalifisert fagkompetanse til å vurdere opp- og nedvandringsløyising for ål.

I konsekvensutgreiinga til reguleringsplanen for Sagavika er det omtalt fleire svartelista framande artar med spreingspotensial, og utbyggjar må hindre at desse blir spreidd vidare i samband med eventuell utbygging.

Planlagt vassuttak på drygt to gonger middelvassføringa er innafor vanleg nivå for kraftverk som blir bygt i dag. Restvassføring som sikrar ein viss dynamikk, og planlagt minstevassføring, vil vidareføre eit visst livsgrunnlag artar som lever i og ved elva.

Inntak skal etablerast i ein eksisterande dam, og kraftverket vil bli plassert i eit gammalt kraftstasjonsbygg, som skal totalrenoverast. Ut frå dette ser det ut til at konstruksjonane i vassdraget vil føre til små nye inngrep.

Det er opplyst i meldinga at det ikkje er knytt spesielle friluftsføremål til elvestrekninga, då området ved elva er «tilgrodd og vanskeleg framkomeleg». Vi er noko undrande til at turstien frå Fanahammaren ned langs elva ikkje er vurdert i meldinga, og heller ikkje nemnt. Frå turstien er både fossefallet og den gamle røyrgata godt synleg. Vi legg til grunn at turstien/turopplevinga vil bli ivareteke. Bergen kommune må vurdere i kva grad lokale natur- og friluftsverdiar blir påverka av tiltaket.

Dersom det blir gitt konsesjonsfritak, skal tekniske inngrep utanfor vasstrengen, handsamast etter plan- og bygningslova. Vi legg generelt til grunn at alle naturinngrep blir avgrensa så godt som råd, og at det blir stilt krav om god estetisk utforming og terrengtilpassing for alle tekniske anlegg. Det må her vurderast krav om tilpassingar for røyrgata som er planlagt å liggje i dagen i den gamle røyrraséen,



kloss på og nesten i elva. Vi reknar med å få eventuell søknad etter plan- og bygningslova på høyring.

Ved eventuelt konsesjonsfritak skal tiltaket òg avklarast/handsamast etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. Statsforvaltaren er mynde for strekningar som fører laks og sjøaure, medan fylkeskommunen er mynde for strekningar ovanfor vandringshinderet. Dersom det er behov for å fjerne kantvegetasjon, må tiltakshavar søkje Statsforvaltaren om dispensasjon frå vassressurslova § 11.»

Dette er NVE si vurdering av tiltaket

Ei konsesjonspliktavurdering er ei enkel førehandsvurdering av om tiltaket kan vere til ulempe for nokre allmenne interesser knytt til vassdraget. Fordelar med tiltaket er ikkje ein del av vurderinga.

Kallandsvassdraget er viktig for ål

Konsekvensutgreiinga som vart gjort i 2020 i samband med reguleringsplan for Sagavika bustadområde viser til at det tidlegare (1994) er registrert ål (EN) lenger oppe i vassdraget. Artskart viser også nyare registreringar frå 2021 og 2024 av ål i vassdraget. Bergen kommune skriv at Kallandsvassdraget er eit viktig vassdrag for ål, og også Statsforvaltaren i Vestland er tydelege på at ei eventuell utbygging må ta omsyn til ål. Ål er sterkt truga med bakgrunn i ein stor nedgang i populasjonen. Utbygging av vassdrag til kraftproduksjon er ein del av årsaka. Ål er avhengige av å komme seg opp i vassdraga der dei har sine oppvekstområde, og deretter ut att i sjøen for å gjennomføre gytevandring til Sargassohavet.

Det planlagde kraftverket kan etter NVE si vurdering medføre skade og ulempe for ål, som er ei viktig allmenne interesse. Tiltaket vil etter NVE sitt syn komme i konflikt med forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5 dersom det ikkje vert teke omsyn til ål. Viss dette kraftverket skal realiserast er det nødvendig å sette vilkår om ålesikkert inntak og tovegspassasje for ål forbi dammen. Slike vilkår kan berre settast gjennom ei konsesjonsbehandling av kraftverket.

Oppsummering og konklusjon

Det er planlagt eit minikraftverk i nedste del av Fanaelva. Det er ål i vassdraget og difor nødvendig å sette vilkår for å ivareta denne sterkt truga arten. Vilkår kan berre settast gjennom ei konsesjonsbehandling.

NVE meiner difor at Sagavika minikraftverk fører til slike ulemper for allmenne interesser at det treng konsesjon etter vassressurslova § 8.

Fordi forholdet til ål er nok til å utløyse konsesjonsplikt har ikkje NVE vurdert det planlagde kraftverket sin verknad for andre allmenne interesser knytt til vassdraget.



Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet er sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

Mottakarliste:

ROSENDAHL INDUSTRIER AS

Kopimottakarliste:

BERGEN KOMMUNE

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ROSENDAHL INDUSTRIER AS - Gaute Henriksen



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.